

## Svar på høyring – språkbruksplan i Ålesund kommune

Vi viser til framlegg til språkbruksplan for nye Ålesund kommune datert 13. august 2020.

Språkrådet følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Hovudmåla for Språkrådets arbeid er å styrke statusen til norsk språk og bruken av det i samfunnet, fremje norsk som eit godt og velfungerande kultur- og bruksspråk og sikre det språklege mangfaldet og språkbrukarane sine interesser.

Språkrådets overordna inntrykk er at framlegget til språkbruksplan for nye Ålesund kommune er godt gjennomtenkt og har ei tydeleg og god lokal forankring. Planen er også ambisiøs, og Ålesund strekkjer seg langt for å forvalte språkansvaret sitt. Kommunen vil ikkje berre bruke nynorsk i alt tilfang som rettar seg til ålmenta, men òg sikre at nynorsken blir eit levande bruksspråk internt i kommunen gjennom tilbod om opplæring, utferding av språkressursar og kompetanseplan. Språkvedtaka frå kommunestyret er tydeleg lista opp, og planen har klare føringar for korleis det språkpolitiske arbeidet skal gjennomførast i praksis.

Framlegget er i tråd med § 1 første setning i [\*lov om målbruk i offentleg teneste\*](#) (mållova), som slår fast at «[b]okmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune». Vi syner òg til framlegget til [\*lov om språk\*](#) (språklova), der språkansvaret som ligg på alle organ for kommunar og fylkeskommunar, er vidareført og styrkt.

Ved å lage ein språkbruksplan syner kommunar og fylkeskommunar at dei tek det lovpålagde språkansvaret sitt på alvor. Ein språkbruksplan set språkspørsmål på dagsordenen. Planen kan vere med på å skape trygge språkbrukarar og sikre ei meir medviten haldning i språkspørsmål generelt. Det er viktig, særleg i nynorskkommunane. Sidan nynorskbrukarane nasjonalt er i mindretal, er det særleg viktig å sørge for at dei får oppfylt dei språklege rettane sine. Det er difor særskilt positivt at Ålesund kommune har laga ein språkbruksplan for den nye storkommunen.

### Barnehagar og skular

Språkrådet etterlyser likevel tydelegare språkpolitiske føringar knytte til opplæring i barnehagar og skular. Mykje av språkgrunnlaget til barna blir lagt i barnehagane og skulane. Difor er det viktig at språkpolitikken er synleg også på dette området.

I barnehagane bør barna ha tilgang på både nynorskbøker og bokmålsbøker, og dei tilsette bør oppmuntrast til å bruke dialekt når dei les høgt.

Ålesund kommune bør verne om skulemålet på grunnskulane og ungdomsskulane. Det bør vere eit mål at skular med nynorsk skulemål ikkje endrar skulemål som følgje av kommunesamanslåinga.

Kommunen bør leggje til rette for at foreldre som ønskjer det, på ein enkel måte kan få oppretta nynorskkasse. Til liks med Bergen bør Ålesund vurdere om kommunen skal opprette ei fast nynorskkasse i bykjernen, uavhengig av elevtal. Eit slikt tiltak vil i stor grad kunne motverke målbyte frå nynorsk til bokmål.

Ålesund kommune må ta eit særleg ansvar for elevar med nynorsk som hovudmål. Som skuleeigar er kommunen ansvarleg for at nynorskelevane får læremiddel til same tid og pris som bokmålselevane. Ansvaret gjeld også det digitale læringsmiljøet. Skulane bør som hovudregel berre bruke digitale verktøy som stør bruk av nynorsk.

## Vidare oppfølging

Språkrådet møter gjerne Ålesund kommune for å utdjupe innhaldet i dette høyringssvaret.

Lukke til med ferdigstillinga av målbruksplanen.